



Uskedalen er ei bygd i vekst – her sett frå Englafjell. (Foto: Sveinung Pile)

"Husnes og Uskedalen har klart seg best i ytre del av kommunen, medan Sunde og Valen har hatt nedgang". Det skriv rådmannen i ein rapport om utviklinga i kommunen dei siste fire åra (siste valperiode).

Frå 1. januar 2004 til 31. desember 2007 har folketalet i Uskedalen auka med 57, medan auken på Husnes har vore 40. Bringedalsbygda har mista 8 medan Omvikdalen har auka med 7.

Nordsida av Hardangerfjorden har gått ned også i denne perioden og spesielt på varaldsøy har nedgangen vore stor. Også indre deler av kommunen har hatt nedgang. Sjølv om Rosendal og Omvikdalen har hatt ei positiv utvikling dei siste 25 åra, er nedgangen i dei andre bygdene større og dermed blir det ein samla svikt for området.

Ytre deler av Kvinnherad har hatt ei positiv utvikling over lengre tid og denne utviklinga har halde fram også i siste valperioden. På Halsnøy og Fjelberg har utviklinga vore ganske lik indre deler av kommunen, Det har samla sett vore nedgang i folketalet på øyene.

Rådmannen skriv at det i Uskedalen som på Husnes er grunn til å venta auka også i åra som kjem på grunn av fleire nye bustadprosjekt.

Av Ola Matti Mathisen